

Fredag er det jenteduoen "LIST" som vil stå for musikken i Dønhaugkjedlaren. Dette er ein relativt ny jenteduo på det musikalske kartet. Likevel har den allereie markert seg positivt i det musikalske landskapet, noko som har resultert i både TV- og radioinnslag på fleire kanalar.

Duoen starta samarbeidet med Asle Dahl på Stord hausten 2007, noko som har ført til deira fyrste EP, som heiter "Excuse me While I Disappear".

Duoen presenterar nydeleg, melodiøs pop-musikk, og består av låtskrivaren Hanne Bergheim (tekst, melodi, gitar, vokal/alt) og stemningsskaparen Ella Helen Bukkhøy (arrangement, fiolin, vokal/sopran). Duoens kjem frå Stord og Bømlo, men studerar for tida i Bergen.

Eg har sjølv berre lytta til deira EP og er storleg imponert. Eg har og vore i kontakt med musikarar og andre som har opplevd dei "live", og fått svært positive tilbakemeldingar.

Ein kan difor trygt anbefala gjester som ynskjer å lytta til flott musikk å ta ein tur til Dønhaugkjedlaren denne kvelden.

Eg viser og til deira heimeside under myspace: www.myspace.com/listduo. Her kan ein lytta til deira musikk, og få meir informasjon om duoens.

Magne Huglen